



Sunnfjord
kommune

Vurdering av strukturtiltak

Tiltak 3: Legge ned Tusenfryd barnehage



Innhold

| | |
|--|-----------|
| Tiltak 3 barnehage: Legge ned Tusenfryd barnehage | 3 |
| Beskriving av tiltak | 3 |
| Geografi | 4 |
| Demografi..... | 5 |
| Kapasitet | 6 |
| Kapasitet arealplassar..... | 6 |
| Kapasitet for barnehageåret 2025/2026 | 10 |
| Kapasitet i Førde sentrum til å legge ned Tusenfryd barnehage | 14 |
| Bemanning- og pedagognorm i kommunale barnehagar i Førde sentrum | 15 |
| Konsekvensar | 17 |
| Økonomisk effekt..... | 17 |
| Sal av tomt til Tusenfryd barnehage | 19 |
| Konsekvensar for barna | 20 |
| Konsekvensar for tilsette | 20 |
| Konsekvensar for lokalsamfunnet..... | 21 |
| Andre konsekvensar..... | 21 |
| Effekt- og konsekvensmatrise | 22 |
| Konklusjon | 23 |

Tiltak 3 barnehage: Legge ned Tusenfryd barnehage

Start | 01.03.2025
Slutt | 30.08.2025

Beskriving av tiltak

Tiltaket gjeld nedlegging av Tusenfryd barnehage. Barnehagen har ikkje vore godkjent etter forskrift om miljørettet helsevern for barnehager og skoler m.v. sidan 2018. Barnehagen har sidan då hatt dispensasjon frå forskrifta. Eit av vilkåra for dispensasjonen er at barnehagen blir drifta med færre barn enn den er godkjent for. I tillegg til at barnehagen ikkje er godkjent etter miljøretta helsevern har barnehagen avvik etter forskrift om brannførebygging. Dette avviket kom i 2022.

I politisk sak om plan for framtidig struktur av barnehagane i Sunnfjord kommune er det gjort vedtak om at Tusenfryd barnehage skal erstattast med ny barnehage i Slåtten skulekrins.

I kommunestyret 16.02.2023 i sak [003/23](#) Plan for framtidig struktur av barnehagane i Sunnfjord kommune blei følgande vedtak gjort om Tusenfryd barnehage:

- «Tiltak 3:
 - Bygge inntil 6-avdelings barnehage i Slåtten skulekrins som erstattar Tusenfryd barnehage. Avdelingane vert organiserte som 18 barn/9 barn. Det er viktig at uteområdet vert godt tilrettelagt for variert leik og med trygg tilkomst, særleg med omsyn til parkeringsareal og auka trafikk.
 - Vi må få ei sak om felles kommunal norm for antall barn pr avdeling».

Tiltaket som blir vurdert er å legge ned Tusenfryd barnehage frå barnehageåret 2025/2026 om det er plass til barna som går i barnehagen i andre barnehagar i Førde sentrum.


Tusenfryd barnehage er etablert i 3 bustadhus som hadde som føremål å vere bustad for tilsette i Helse Førde. Det blei eit behov for barnehageplassar for tilsette i Helse Førde og desse bustadhusa blei etablert som barnehage. Det blei ikkje gjort større grep i bustadhusa før dei blei etablert som barnehage og barnehagen nyttar husa slik dei blei oppført.

Sidan 1986 då barnehagen blei etablert som barnehage, har det blitt fleire og større krav til drift av barnehage. I vedlegget til kunnskapsgrunnlaget for kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen, [Standard for barnehagebygg og uteområde og vurderingar av status i barnehagane i dag](#) er det gjort ei vurdering av barnehagen ut i frå gitte kriterium.

I dokumentet kjem det mellom anna fram at det er større manglar i bygget for at det skal vere føremålstenleg å drifte barnehagen etter lover og forskrifter. I tillegg er ikkje personalavdelinga prioritert i bygget og det har større manglar for at det skal vere føremålstenleg å ha gode fasilitetar for tilsette.

Geografi

Tusenfryd barnehage ligg i Slåtten skulekrins. I Slåtten skulekrins ligg det 5 andre barnehagar i tillegg til Tusenfryd: Hatlehaugen, Solvang, Vie, Viebøen og Vieåsen.



Illustrasjon 1: Kartutsnitt over barnehagane i Slåtten skulekrins med plassering av «nye Slåtten barnehage» (kartutsnittet ligg vedlagt i sin heilskap i saka).

Avstand til andre barnehagar i Førde sentrum

| <u>Barnehage</u> | <u>Avstand</u> |
|------------------------|----------------|
| Vie | 650 meter |
| Hatlehaugen | 750 meter |
| Solvang | 1,3 km |
| Solsida avdeling Toene | 2,0 km |
| Viebøen | 2,0 km |


| | |
|-------------------------|--------|
| Prestebakken | 2,1 km |
| Vieåsen | 2,4 km |
| Nærleiken | 3,2 km |
| Ytre Hafstad | 4,7 km |
| Solsida avdeling Haugum | 5,4 km |
| Halbrend | 5,7 km |
| Sunde | 6,5 km |
| Slåttebakkane | 6,5 km |

Tabell 1: Avstandar mellom barnehagane i Førde sentrum.

Demografi


Framskrivingane av barnetalet i Sunnfjord kommune i aldersgruppa 1-5 år har ei negativ utvikling fram mot 2050, jf. kunnskapsgrunnet for kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen.

Framskriving av tal fødte for heile Sunnfjord kommune fram til 2050 syner at det i gjennomsnitt blir født 227 barn per år.



Graf 1: Syner oversikt framskriving av tal fødte i perioden 2024-2050.

Uttrekket frå Norkart sin befolkningsanalyse 27.09.2024 syner kor mange som er busett innanfor skulekrinsane i Førde sentrum. Tala frå Norkart befolkningsanalyse viser kor mange i aldersgruppa 0-5 år som er busett per dags dato innanfor skulekrinsane Flatene, Førde barneskule, Slåtten og Sunde.



Graf 2: Syner oversikt over busette i skulekretsane per 27.09.2024.

Samla for Førde sentrum er det busett i aldersgruppa 0-5 år som vist i tabellen under:

| År | 2024 | 2023 | 2022 | 2021 | 2020 | 2019 |
|---------------|------|------|------|------|------|------|
| Førde sentrum | 96 | 133 | 135 | 140 | 132 | 159 |

Tabell 2: Syner oversikt over busette i aldersgruppa 0-5 år.

Kapasitet

Det er to vilkår som må vurderast for tiltaket å legge ned Tusenfryd barnehage og gi tilbod til barna i andre eksisterande barnehagar i Førde sentrum:

- Kapasitet arealplassar i Førde sentrum
- Tilstrekkeleg grunnbemanning og pedagogtettleik

Kapasitet arealplassar


Det er henta ut nye oppdaterte tal for å sjå på kapasiteten i barnehagane i Førde sentrum etter at kunnskapsgrunnlaget for kvalitet og kapasitet blei vedteke i kommunestyret 26.09.2024. Uttrekket er frå 27.09.2024 og gjeld for barnehageåret 2024/2025.

I denne framstillinga er det ikkje tatt omsyn til bemanningsnorma i den enkelte barnehage (tilsette i dag) eller om det er forsvarleg pedagogisk å utnytte arealplassane maksimalt. Dette er ei matematisk framstilling og kapasiteten er noko lågare ut frå eit forsvarleg pedagogisk perspektiv.

Kapasitet i kommunale barnehagar i Førde sentrum for 2024/2025

Grafen under syner kva kapasitet arealplassar, arealplassar i bruk og ledige arealplassar det er i den enkelte kommunale barnehage for barnehageåret 2024/2025.

Ut i frå tal arealplassar er det ledig kapasitet i alle dei kommunale barnehagane for inneverande barnehageår.



Graf 3: Oversikt over kapasitet arealplassar, arealplassar i bruk og ledige arealplassar i kommunale barnehagar.

Tabellen under syner kva kapasitet arealplassar, arealplassar i bruk og ledige arealplassar det er i den enkelte barnehage.

| Barnehagar | Barnetal 24/25 | Kapasitet arealplassar | Arealplassar i bruk | Ledige arealplassar |
|------------|----------------|------------------------|---------------------|---------------------|
| Halbrend | 54 | 79,8 | 60 | 19,8 |

| | | | | |
|---------------------|----|-------|------|------|
| Hatlehaugen | 39 | 57,1 | 43,7 | 13,4 |
| Nærleiken | 61 | 135,1 | 69,3 | 65,8 |
| Slåttebakkane | 30 | 49,8 | 34 | 15,8 |
| Solsida avd. Haugum | 33 | 55,3 | 36,7 | 18,7 |
| Solsida avd. Toene | 52 | 68,0 | 57,3 | 10,7 |
| Sunde | 54 | 87,6 | 60 | 27,6 |
| Tusenfryd | 29 | 57,3 | 33 | 24,3 |
| Vie | 80 | 109,1 | 90 | 19,1 |
| Vieåsen | 52 | 77,1 | 58,7 | 18,4 |
| Ytre Hafstad | 55 | 98,4 | 61 | 37,4 |

Tabell 3: Syner oversikt over kapasitet i kommunale barnehagar.

Samla kapasitet i dei kommunale barnehagane


| Barnehagar | Barnetal 24/25 | Kapasitet areal-plassar | Arealplassar i bruk | Ledige areal-plassar |
|------------|----------------|-------------------------|---------------------|----------------------|
| Samla | 539 | 874,7 | 603,7 | 271,0 |

Tabell 4: Syner oversikt over samla kapasitet i kommunale barnehagar.

Kapasitet i private barnehagar i Førde sentrum 2024/2025

Grafen under syner kva kapasitet arealplassar, arealplassar i bruk og ledige arealplassar det er i den enkelte private barnehage for barnehageåret 2024/2025.

Ut i frå tal arealplassar er det ledig kapasitet i alle dei private barnehagane for inneverande barnehageår.



Graf 4: Oversikt over kapasitet arealplassar, arealplassar i bruk og ledige arealplassar i private barnehagar.

Tabellen under syner kva kapasitet arealplassar, arealplassar i bruk og ledige arealplassar det er i den enkelte barnehage.

| Barnehagar | Barnetal 24/25 | Kapasitet arealplassar | Arealplassar i bruk | Ledige arealplassar |
|--------------|----------------|------------------------|---------------------|---------------------|
| Prestebakken | 54 | 78,8 | 61,2 | 17,6 |
| Solvang | 47 | 78,3 | 54,2 | 24,1 |
| Viebøen | 57 | 104 | 65,6 | 38,4 |

Tabell 5: Syner oversikt over kapasitet i private barnehagar.

Samla kapasitet i dei private barnehagane

| Barnehagar | Barnetal 24/25 | Kapasitet areal-plassar | Arealplassar i bruk | Ledige areal-plassar |
|------------|----------------|-------------------------|---------------------|----------------------|
| Samla | 158 | 261,0 | 180,9 | 80,1 |

Tabell 6: Syner oversikt over samla kapasitet i private barnehagar.

Kapasitet for barnehageåret 2025/2026

Hausten 2025 er det til saman 162 barn, inkludert dei som har utsett skulestart, som skal starte på skule i Førde sentrum. Desse barna frigjer kapasitet i barnehagane.

Arealplassar som blir ledige | 162

I 2023 - kullet er det 122 barn som har barnehageplass i Førde sentrum. Det er per 27.09.2024 registret 96 barn fødte i 2024. Legg vi til grunn at det er tilsvarande tal barn som søker om barnehageplass av dei som blir født i 2024 i Førde sentrum vil deira behov for arealplassar bli:

| Faktorar | Tal |
|---|-----|
| Tal barn som søker barnehageplass hausten 2025 | 122 |
| Arealplassar det er bruk for | 176 |
| Barn født i 2024 og desember 2023 som har fått tilbod om barnehageplass | 12 |
| Arealplassar som alt er tatt i bruk | 17 |
| Samla behov for nye arealplassar ved nytt barnehageår | 159 |

Tabell 7: Behov for arealplassar til barn fødte i 2024.

Dersom vi legg til grunn at det er 122 barn som søker om barnehageplass til nytt barnehageår 2025/2026, og vi trekk frå dei som allereie har fått barnehageplass barnehageåret 2024/2025 er det behov for 159 arealplassar for å gje barna eit tilbod. Det vil vere behov for 3 færre arealplassar for barnehageåret 2025/2026 samanlikna med barna som skal starte på skulen hausten 2025.


Når 2019- kullet startar på skulen hausten 2025 vil barnehagane få meir ledige arealplassar. På noverande tidspunkt har vi ikkje kjennskap til kor mange i 2024 - kullet som søker om barnehageplass frå hausten 2025. Grafen under syner dei vi per i dag kjenner at skal gå i barnehage frå hausten 2025, nokre som vist ovanfor i 2024 – kullet har allereie fått tilbod om plass barnehageåret 2024/2025 og er inkludert i grafane under kapasitet i kommunale barnehagar og private barnehagar i Førde sentrum.

Kapasitet i kommunale barnehagar i Førde sentrum

Dei som har fått tilbud i kommunale barnehagar utan lovfesta rett barnehageåret 2024/2025 per september 2024:

| Født | Tal |
|---------------|-----|
| 2024 | 6 |
| Desember 2023 | 4 |

Tabell 8: Viser kor mange barn som har fått tilbud om barnehageplass født desember 23 og 24.



Graf 5: Oversikt over kapasitet arealplassar, arealplassar i bruk og ledige arealplassar i kommunale barnehagar hausten 2025.

Tabellen under syner kva kapasitet arealplassar, arealplassar i bruk og ledige arealplassar det er i den enkelte barnehage.

| Barnehagar | Barnetal 24/25 | Kapasitet areal-plassar | Arealplassar i bruk | Ledige areal-plassar |
|------------|----------------|-------------------------|---------------------|----------------------|
| Halbrend | 38 | 79,8 | 41,3 | 38,4 |

| | | | | |
|---------------------|----|-------|------|------|
| Hatlehaugen | 28 | 57,1 | 29,3 | 27,8 |
| Nærleiken | 47 | 135,1 | 51 | 84,1 |
| Slåttebakkane | 28 | 49,8 | 30 | 19,8 |
| Solsida avd. Haugum | 24 | 55,3 | 25,7 | 29,7 |
| Solsida avd. Toene | 35 | 68,0 | 37,3 | 30,7 |
| Sunde | 54 | 87,6 | 38,3 | 49,2 |
| Tusenfryd | 35 | 57,3 | 26,7 | 30,7 |
| Vie | 66 | 109,1 | 71 | 38,1 |
| Vieåsen | 43 | 77,1 | 46,3 | 30,8 |
| Ytre Hafstad | 42 | 98,4 | 45 | 53,4 |

Tabell 9: Syner oversikt over kapasitet i kommunale barnehagar.

Samla kapasitet i dei kommunale barnehagane

| Barnehagar | Barnetal 24/25 | Kapasitet areal-plassar | Arealplassar i bruk | Ledige areal-plassar |
|------------|----------------|-------------------------|---------------------|----------------------|
| Samla | 410 | 874,7 | 442 | 432,7 |


Tabell 10: Syner samla oversikt over kapasitet i kommunale barnehagar.

Kapasitet i private barnehagar i Førde sentrum

Dei som har fått tilbud i private barnehagar utan lovfesta rett barnehageåret 2024/2025 per september 2024:

| Født | Tal |
|---------------|-----|
| 2024 | 1 |
| Desember 2023 | 1 |

Tabell 11: Viser kor mange barn som har fått tilbud om barnehageplass født desember 23 og 24.



Graf 6: Oversikt over kapasitet arealplassar, arealplassar i bruk og ledige arealplassar i private barnehagar hausten 2025.

Tabellen under syner kva kapasitet arealplassar, arealplassar i bruk og ledige arealplassar det er i den enkelte barnehage.

| Barnehagar | Barnetal 24/25 | Kapasitet arealplassar | Arealplassar i bruk | Ledige arealplassar |
|--------------|----------------|------------------------|---------------------|---------------------|
| Prestebakken | 42 | 78,7 | 44,6 | 34,2 |

| | | | | |
|---------|----|------|------|------|
| Solvang | 37 | 78,3 | 41,6 | 36,7 |
| Viebøen | 46 | 104 | 50,1 | 53,9 |

Tabell 12: Syner oversikt over kapasitet i private barnehagar.

Samla kapasitet i dei private barnehagane

| Barnehagar | Barnetal 24/25 | Kapasitet areal- plassar | Arealplassar i bruk | Ledige areal- plassar |
|------------|-------------------|-----------------------------|------------------------|--------------------------|
| Samla | 125 | 261 | 136,3 | 124,7 |

Tabell 13: Syner samla oversikt over kapasitet i private barnehagar.

Kapasitet i Førde sentrum til å legge ned Tusenfryd barnehage

Samla ledig kapasitet i Førde sentrum inkludert Tusenfryd barnehage er 557,4 arealplassar.

| Ledige arealplassar | Tal |
|-------------------------------------|-------|
| Kommunale barnehagar | 432,7 |
| Private barnehagar | 124,7 |
| Med dagens struktur i Førde sentrum | 557,4 |

Tabell 13: Ledig kapasitet i Førde sentrum.

Når vi trekk ut Tusenfryd barnehage frå ledige arealplassar er det ledig kapasitet på 526,7 arealplassar.

| Ledige arealplassar | Tal |
|--|-------|
| Med dagens struktur i Førde sentrum | 557,4 |
| Trekke frå Tusenfryd barnehage i Førde sentrum | 30,7 |
| | 526,7 |

Tabell 14: Ledig kapasitet i Førde sentrum utan Tusenfryd barnehage.

Legg vi til grunn at det startar 122 barn frå 2024 – kullet hausten 2025 vil dei krevje 159 arealplassar i barnehagane i sentrum. Trekk vi i frå arealplassar 2024 – kullet vil krevje vil ledige arealplassar i barnehagane vere:

| Ledige arealplassar | Tal |
|---------------------------------------|-------|
| I Førde sentrum utan Tusenfryd | 526,7 |
| 2024 – kullet som startar i barnehage | 159,0 |
| i Førde sentrum | 367,7 |

Tabell 15: Ledig kapasitet i Førde sentrum inkludert eit estimat for 2024-kullet.

Barna som har plass i Tusenfryd barnehage for barnehageåret 2025/2026 har bruk for 26,7 arealplassar. Basert på ledig arealplassar på 367,7 plassar i Førde sentrum vil det vere ledige arealplassar i andre barnehagar til å legge ned Tusenfryd barnehage.

Bemanning- og pedagognorm i kommunale barnehagar i Førde sentrum

For å vurdere om det er tilstrekkeleg grunnbemanning og pedagogtettleik til å legge ned Tusenfryd barnehage er det sett på kva grunnbemanning og pedagogtettleik barnehagane skal ha dersom dei er fulle. For å synleggjere behovet for grunnbemanning og pedagogtettleik når barnehagane er fulle har vi nytta Utdanningsdirektoratet sin bemanningskalkulator. Det er lagt inn ein sjablong for å få fram tal barn per barnehage som vist i tabellen under:

| Tal avdelingar | Barn under 3 år | Barn over 3 år | Barn samla |
|----------------|-----------------|----------------|------------|
| 3 | 9 | 36 | 45 |
| 4 | 18 | 36 | 54 |
| 5 | 18 | 54 | 72 |
| 6 | 27 | 54 | 81 |

Tabell 16: Oversikt over tal heiltidsplassar etter sjablong

Pedagogtettleiken kan variere dersom forholdet mellom barn under 3 år og over 3 år varierer frå det som er lagt inn i tabellen.

I bemanningskalkulatoren nyttar Utdanningsdirektoratet omgrepet heiltidsplassar, det er derfor nytta som omgrep i tabellen under.

Dersom barnehagane er fulle skal dei ha følgande grunnbemanning og pedagogtettleik for å stette krava (tala er i årsverk):

| Barnehage | Heiltidsplassar | Grunnbemanning | Pedagogtettleik |
|----------------------------|-----------------|----------------|-----------------|
| Halbrend | 54 | 12 | 6 |
| Hatlehaugen | 45 | 9 | 4 |
| Nærleiken | 81 | 18 | 8 |
| Slåttebakkane | 45 | 9 | 4 |
| Solsida avdeling Haugum | 45 | 9 | 4 |

| | | | |
|------------------------|------------|------------|-----------|
| Solsida avdeling Toene | 54 | 12 | 6 |
| Sunde | 54 | 12 | 6 |
| Tusenfryd | 54 | 12 | 6 |
| Vie | 81 | 18 | 8 |
| Vieåsen | 54 | 12 | 6 |
| Ytre Hafstad | 54 | 12 | 6 |
| Samla | 609 | 135 | 64 |

Tabell 17: Oversikt over tal heiltidsplassar og behov for grunnbemanning og pedagogtettleik.

Barnehageåret 2024/2025

Barnehagane har for barnehageåret 2024/2025 følgande heiltidsplassar, grunnbemanning og pedagogtettleik (tala er i årsverk):

| Barnehage | Heiltidsplassar | Grunnbemanning | Pedagogtettleik |
|----------------------------|-----------------|----------------|-----------------|
| Halbrend | 54,0 | 12,5 | 5,6 |
| Hatlehaugen | 39,0 | 9,0 | 4,0 |
| Nærleiken | 60,3 | 15,1 | 8,4 |
| Slåttebakkane | 30,0 | 7,9 | 5,0 |
| Solsida avdeling Haugum | 33,0 | 9,4 | 4,0 |
| Solsida avdeling Toene | 51,8 | 13,6 | 6,0 |
| Sunde | 54,0 | 12,7 | 5,3 |
| Tusenfryd | 28,6 | 10,5 | 6,1 |
| Vie | 78,6 | 21,0 | 7,8 |
| Vieåsen | 52,0 | 13,6 | 5,6 |
| Ytre Hafstad | 54,5 | 14,5 | 6,4 |
| Samla | 535,8 | 139,8 | 64,2 |

Tabell 18: Oversikt over tal heiltidsplassar og behov for grunnbemanning og pedagogtettleik for innverande barnehageår.

Grunnbemanning og pedagogtettleiken som er i barnehagane for inneverande barnehageår er henta frå barnehageportretta som var vedlegg til kunnskapsgrunnlaget for kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen. Tala i barnehageportretta er dei tala barnehagane sjølv har rapportert inn til kunnskapsgrunnlaget.

Det kan vere noko avvik i talet som er rapportert inn:

- Både dei som har fast stilling og dei som vikarierer er tatt med i rapporteringa (ein stillingheimel har 2 tilsette)
- Barnehagane opplever ikkje overtalige fordi dei som er over grunnbemanning blir nytta til barn med spesielle behov som har bruk for ressursar

Basert på heiltidsplassar som har tilbod om barnehageplass per i dag er det overtalige i barnehagesektoren. Dersom vi legg lovverket for bemannings- og

pedagognorm til grunn skulle tala sett slik ut for kommunale barnehagar i Førde sentrum:

| Barnehage | Heiltidsplassar | Grunnbemanning | Pedagogtettleik |
|--------------------------------------|-----------------|----------------|-----------------|
| Kommunale barnehagar i Førde sentrum | 535,8 | 121,3 | 58,0 |

Tabell 19: Oversikt over tal heiltidsplassar og behov for grunnbemanning og pedagogtettleik.

Basert på talmaterialet vi har per i dag vil det vere tilstrekkeleg grunnbemanning og pedagogtettleik til å legge ned Tusenfryd barnehage.

Konsekvensar

Økonomisk effekt

| Forventa effekt | Budsjetår | Økonomiplanperiode | | | |
|-------------------------------|-----------|--------------------|-------|-------|-------|
| | | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 |
| Legge ned Tusenfryd barnehage | 11 438 | 3 134 | 9 403 | 9 403 | 9 403 |

Tabell 20: Samla innsparingspotensiale.

For å få full heilårseffekt av tiltaket i 2026 er det fleire vilkår som må slå inn:

- Redusere tal årsverk i barnehagesektoren tilsvarande årsverk som er i Tusenfryd barnehage per i dag.
- Redusere kostnadar til reinhald tilsvarande det som blir nytta i Tusenfryd barnehage i budsjettet til reinhald
- Redusere kostnadar vaktmeister tilsvarande det som blir nytta i Tusenfryd barnehage i budsjettet til bygg- og eigedomsforvaltning
- Sal av Tusenfryd barnehage for å fjerne kostnadar til tom bygningsmasse
- Andre driftskostnadar på teneste 201 barnehage, 211 styrking av grunnbemanning og 221 barnehagelokale og skyss blir redusert tilsvarande budsjettet til barnehagen
- Barn som går i Tusenfryd barnehage vel ein anna kommunal barnehage

| Teneste | Driftspostar | Rekneskap 2023 | Budsjett 2024 |
|---------|--|----------------|---------------|
| 201 | Løn og personalkostnad inkl refusjonar | 9 958 | 10 412 |
| | Driftskostnadar | 370 | 346 |
| | Inntekter | -1 411 | -1 014 |
| 211 | Løn og personalkostnad inkl refusjonar | 749 | 1 085 |
| | Driftskostnadar | 2 | 2 |
| | Inntekter | 0 | 0 |
| 221 | Vaktmeisterteneste (lønskostnadar) | 160 | 160 |
| | Driftskostnadar (inkl. straum og forsikring) | 169 | 169 |
| | Reinhald (lønskostnadar) | 261 | 261 |
| | Driftskostnadar (inkl. forbruksmateriell) | 17 | 17 |

Tabell 21: Oversikt over rekneskap 2023 og budsjett 2024 på dei ulike tenestene.

Oppsummering på kostnadar per teneste:

| Teneste | Namn på teneste | Rekneskap 23 | Budsjett 24 |
|--------------|----------------------------|---------------|---------------|
| 201 | Barnehage | 8 917 | 9 744 |
| 211 | Styrking av grunnbemanning | 751 | 1 087 |
| 221 | Barnehagelokale og skyss | 607 | 607 |
| Samla | | 10 275 | 11 438 |

Tabell 22: Samla oversikt over rekneskap 2023 og budsjett 2024 på tenestene og totalt.

Dersom foreldre vel nytt barnehagetilbod i private barnehagar kan kostnadane til private barnehagar auke tilsvarende satsen for barn under eller over 3 år. Kostnaden for barna som vel nytt barnehagetilbod i private barnehagar i 2025 vil vere med i tilskotet barnehagen får for 2026. Vi nyttar rapporteringane barnehagane gjer 15. desember kvart år som grunnlag for tilskotet.

Det er rekna ut ein foreløpig sats for 2025 for barn 0-2 år og 3-6 år. Satsen kan bli justert noko dersom det blir vesentlege endringar i vedtaket til statsbudsjettet samanlikna med framlegget som kom i oktober. Foreløpige satsar for tilskotet for 2025 er:


| Alder | Sats |
|--------|---------|
| 0-2 år | 326 779 |
| 3-6 år | 172 280 |

Tabell 23: Foreløpige statsar som er grunnlaget for ordinært tilskot til private barnehagar.

Grunnlaget for tilskotet i 2026 vil vere det same som grunnlaget i 2025 då hovudgrunnlaget er 2 år gamle rekneskap for kommunale barnehagar. På bakgrunn av det kan vi anta at satsane for 2026 vil vere om lag på same nivå som 2025.

Dersom tilsette i Tusenfryd barnehage blir flytta til andre barnehagar utan at tal årsverk blir redusert for barnehagesektoren vil ikkje tiltaket ha full effekt.

Sal av tomt til Tusenfryd barnehage



Illustrasjon 2: Tomta til Tusenfryd barnehage.

Tomta til Tusenfryd barnehage har 3 219 m² og ligg i tilknytning til eksisterande bustadar. Tomta ligg i eit attraktivt område der det har vore bustadutvikling over tid.

Verdi av tomteareal ved sal

| Verdi | Sum |
|------------------------|-------|
| Sum nettoverdi av tomt | 7 900 |

Tabell 24: Nettoverdi på tomta til Tusenfryd barnehage.

Sal av tomt kan bli nytta til investeringar i barnehagesektoren som å løyse uløyste utfordringar, bygge nye avdelingar til eksisterande barnehagar eller å bygge ny barnehage på Slåtten i framtida.

Konsekvensar for barna

- Det er til saman 24 barn, 8 barn under 3 år og 16 barn over tre år, som har behov for ny barnehageplass dersom Tusenfryd blir lagt ned
- Det er kapasitet og bemanning i andre barnehagar i Førde sentrum, både i kommunale og private barnehagar, til å ta inn barn frå Tusenfryd barnehage
- Ein premiss for å redusere konsekvensane for barna i Tusenfryd barnehage er at barna får søke om barnehageplass i ny barnehage før hovudopptaket for barnehageåret 2025/2026, kan velge ein barnehage i nærleiken.
- Barnehagetilbodet og innhald, grunnverdiar, regelverk, rammeplanen og overordna planar for Sunnfjord kommune er det same i alle barnehagar
- Tilrettelegging og støttesystem vil vere det same tilbodet i andre barnehagar
- Tusenfryd barnehage har hatt høgare vaksentettleik og pedagogtettleik enn lovverket tilseier. Bakgrunnen for det er at det har vore eit krav å redusere barnetalet sidan 2020.
- Meir variasjon og større barnegrupper.
- Tusenfryd barnehage er ikkje eigna til barnehageføremål. Andre barnehagar i Førde sentrum har betre føresetnadar.

Konsekvensar for tilsette

- Samla for barnehagesektoren må tal tilsette reduserast tilsvarende årsverk som er i Tusenfryd barnehage (11,5 årsverk)
- Personalgruppa i Tusenfryd barnehage blir oppløyst som kollegagruppe og tilsette må etablere seg i nye arbeidsmiljø
- Dei tilsette blir mest truleg spreidd i fleire barnehagar
- Ny arbeidsplass og nye kollegaer kan gi nye impulsar, og dei tilsette blir ein del av eit nytt fagmiljø
- Det er mogeleg å auke pedagogtettleiken i barnehagar som ikkje stettar krava etter barnehagelova om pedagognorm

- Tilsette som må bytte arbeidsplass skal få mogelegheit til å søke seg til andre barnehagar. Det må vere ein god prosess slik at tilsette blir godt tatt i vare
- Det gir mogelegheiter og potensiale til å tenke nytt både for tilsette som kjem inn og dei som skal ta imot nye tilsette
- Med dagens situasjon der vi skal redusere kostnadane og overtalige i barnehagesektoren vil det i størst grad vere interne prosessar for tilsetting før det eventuelt blir lyst ut eksternt. Fleire tilsette enn dei som er tilsett i Tusenfryd barnehage kan bli råka av dette.

Konsekvensar for lokalsamfunnet

- Vi vurderer at konsekvensane for lokalsamfunnet er minimale ved å gjennomføre tiltaket.
- Det er 5 andre barnehagar i same skulekrins.
- Vi legg til grunn at nedlegging av ein barnehage i sentrum får mindre konsekvens enn nedlegging av barnehage i grend/tettstad i distrikta. Lokalsamfunnet i Førde sentrum blir ikkje vesentleg råka av tiltaket.

Andre konsekvensar

- Ei samanslåing kan føre til meir effektiv bruk av ressursar, både når det gjeld personalkapasitet og bygningsmasse.
- Det er fritt barnehageval og foreldre kan sjølv velge kva barnehage dei ønsker barnet skal fullføre barnehagetida i. Dersom foreldre vel ein privat barnehage kan det auke tilskotet til private barnehagar.

Effekt- og konsekvensmatrise

| | | Effekt og konsekvens | | | | | |
|-----|---|----------------------|---|----|----|-----|----|
| Høg | 1 | Konsekvens | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 |
| | 2 | | 2 | 4 | 6 | 8 | 10 |
| | 3 | | 3 | 6 | 9 | 12 | 15 |
| | 4 | | 4 | 8 | 12 | 16 | 20 |
| Låg | 5 | | 5 | 10 | 15 | 20 | 25 |
| | | Effekt | | | | | |
| | | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | |
| | | Låg | | | | Høg | |

For effekt er 1 = veldig låg, 5 = veldig høg. For konsekvens er det motsatt. 1 = veldig høg, 5 = veldig låg.

| Effektverdi | Konsekvensverdi | Matriseverdi |
|-------------|-----------------|--------------|
| 5 | 5 | 25 |

Vurdering

I effekt- og konsekvensmatrisa er tiltaket vurdert til høg effekt og låg konsekvens. Samla plasserer tiltaket seg på grønt nivå.

Det er nokre føresetnadar som ligg til grunn for å få full effekt av tiltaket:

- Barnehagesektoren må redusere tal årsverk tilsvarande årsverk som blir brukt i Tusenfryd barnehage, 11,5 årsverk (leiing + grunnbemanning)
- Kostnadane til reinhald og vaktmeister blir redusert tilsvarande det som blir nytta i Tusenfryd barnehage
- Foreldre søker barna til andre kommunale barnehagar

Det er truleg optimistisk å tru at tiltaket vil ha full effekt hausten 2025 og 2026. Det er fleire usikre faktorar som påverkar effekten:

- Barnehagesektoren klarar ikkje å redusere tal årsverk tilsvarande det som er i Tusenfryd barnehage
- Barn som har bruk for tilrettelegging vil ha bruk for same tilbod i ny barnehage

- Foreldre søker barna til private barnehagar. Dette aukar tilskotet til private barnehagar

Konklusjon

Basert på talmaterialet for Førde sentrum er det mogeleg å legge ned Tusenfryd barnehage frå barnehageåret 2025/2026 utan at Slåtten barnehage er bygd.

Tomta ligg i eit attraktivt bustadområde og kan brukast til andre føremål som til dømes bustadutvikling.

Sal av tomt bør brukast til investeringar i barnehagesektoren enten til å løyse uløyste utfordringar, bygge fleire avdelingar knytt til eksisterande barnehagar eller bygge ny barnehage på Slåtten i framtida.

Uløyste utfordringar er til dømes:

- Uteområde ved Sunde barnehage
- Tilstrekkeleg uteareal for Vie barnehage
- Eigne lokale til kontorplassar i Nærleiken barnehage framfor å leige lokale Førde idrettslag (FIL)
- Tilstrekkeleg uteareal for Solsida barnehage avdeling Toene

Det er fritt barnehageval og foreldre kan velje sjølv kva barnehage dei ønsker at barnet skal gå i.

Å oppretthalde Tusenfryd barnehage i eksisterande bygningsmasse vil krevje større investeringar for å stette krava etter forskrift om miljørettet helsevern for barnehager og skoler og forskrift m.v. og forskrift om brannførebygging. I tillegg er det behov for å gjere grep i bygningsmassen for at barnehagen skal vere føremålstenleg å drifte etter lover og forskrifter og gi tilsette betre fasilitetar.